

6B. Årsrekneskap 2019

Fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste

1. Kommenterar frå leiinga

Føremål og mynde for fondet

Helse- og omsorgsdepartementet har fastsett instruks for fond for pasientskadeordninga – offentlig helseteneste – oppdatert per 15.05.2019.

Føremålet med fondet er å finansiere utbetaling av erstatningar for pasientskadar oppstått i offentlig helseteneste. Fondet skal ikkje dekkje driftskostnader i Norsk pasientskadeerstatning (NPE), i Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten, eller utgifter pasientar har til advokatar knytte til saker i offentlig helseteneste.

Myndesfastsette reglar: Forskrift 31. oktober 2008 nr. 1166 om pasientskadelovens virkeområder og om tilskuddsplikt for den som yter helsehjelp utenfor den offentlige helse- og omsorgstjeneste - § 3, som definerer offentlig helseteneste. Vilkåra som må vere oppfylte for å få erstatning for skadar valda i offentlig helseteneste går fram av pasientskadelova. Erstatning for økonomisk tap blir regulert av lov 13. juni 1969 nr. 26 om skadeserstatning og ulovfesta erstatningsrett.

Dei regionale helseføretaka, fylkeskommunane og kommunane skal sjølv dekkje utgiftene til erstatningar for skadar oppstått som følgje av behandling gitt av tenester organiserte hjå desse. Det skal ikkje vere kryssubsidiering mellom nivåa. Dei årlege tilskota blir utarbeidde basert på prognosar. Tilskota blir avrekna mot faktiske tal ved første fakturering påfølgjande år. Fylkeskommunar og kommunar betalar inn tilskot ein gong per år. Dei regionale helseføretaka betalar inn tilskot til NPE i fire terminar per år.

Stadfesting

Årsrekneskapen er avlagd i tråd med Reglementet for og reglar om økonomistyring i staten, jf. pkt. 3.4.6. Vi meiner at årsrekneskapen gir eit dekkjande bilde av fond for pasientskadeordninga - offentlig helseteneste - sine disponible middel, rekneskapsførte inn- og utbetalingar, kostnader og inntekter, eignedelar og gjeld. Årsrekneskapen inneheld forenkla oppstilling av løyvingsrapporteringa og oppstilling av fondsrekneskap med notar.

Vurdering av vesentlege forhold

Totale overføringar til fondet blei reduserte med 206 mill. kroner samanlikna med 2018. Det skuldast i hovudsak at dei regionale helseføretaka betalte inn 155 mill. kroner i 2018 som dei fekk avrekna mot første fakturering i 2019. I tillegg blei prognosen for dei regionale helseføretaka nedjustert med 50 mill. kroner i løpet av 2019. Det har mellom anna ført til at saldoen i Noregs Bank har gått ned med 111 mill. kroner samanlikna med året før. I same periode ser vi at erstatningsutbetalingane har auka med 26 mill. kroner. NPE har aldri utbetalt så høge samla erstatningsutbetalingar i løpet av eitt år som i 2019.

Samanheng mellom prognose/avrekning og rekneskap

Prognose og avrekning	2019	2018	Differanse
Prognose regionale helseføretak (RHF)	800 000 000	886 000 000	(86 000 000)
Avrekning RHF førre år	(151 589 490)	(9 740 371)	(141 849 119)
Eigendelar RHF	36 239 172 *	36 441 212*	(202 040)
Sum innbetalt frå statlege rekneskapar	684 649 682	912 700 841	(228 051 159)
Prognose fylkeskommunar	4 000 000	4 000 000	-
Avrekning fylkeskommunar førre år	(3 373 930)	(3 110 450)	(263 480)
Sum innbetalt frå fylkeskommunar	626 070	889 550	(263 480)
Prognose kommunar	150 000 000	150 000 000	-
Avrekning kommunar førre år	4 269 460	(17 615 252)	21 884 712
Sum innbetalingar frå kommunar	154 269 460	132 384 748	21 884 712
Sum overføringar til fondet	839 545 212	1 045 975 139	(206 429 927)
Prognose erstatningsutbetaling	954 000 000	1 040 000 000	(86 000 000)
Prognose resultat i perioden	(114 454 788)	5 975 139	(120 429 927)

Rekneskap	2 019	2 018	Differanse
Tilskot frå regionale helseføretak	648 410 510	876 259 629	(227 849 119)
Eigendel helseføretak	36 239 172	36 441 212	(202 040)
Tilskot frå statlege verksemdar	684 649 682	912 700 841	(228 051 159)
Tilskot frå fylkeskommunar	626 070	889 565	(263 495)
Tilskot frå kommunar	154 269 452	132 384 755	21 884 697
Tilskot frå fylkeskommunar og kommunar	154 895 522	133 274 320	21 621 202
Sum overføringar til fondet	839 545 204	1 045 975 161	(206 429 957)
Prognose erstatningsutbetaling	950 972 555	924 499 994	26 472 561
Resultat for perioden	(111 427 351)	121 475 167	(232 902 518)

Tabell 1 - samanhengen mellom prognose/avrekning og rekneskap – * korrigert for IB og opne postar jf. kontantprinsippet.

Verksemdsrekneskapen etter kontantprinsippet

I instruksjonen av 15. mai 2019, fastsett av Helse- og omsorgsdepartementet, er det fastslått at fond for pasientskadeordninga - offentleg helseteneste skal føre rekneskap etter kontantprinsippet. Det vil seie at verksemdsrekneskapen skal presenterast etter kontantprinsippet ved årsslutt. Tilskota knytte til offentleg helseteneste og NPE si utbetaling av erstatningar for same område skal førast over eigen konto i Noregs Bank. I revisjonen for 2018 peika Riksrevisjonen på at årsrekneskapen ikkje var presentert etter kontantprinsippet. Verksemdsrekneskapen inneheldt opne postar som ikkje var i samsvar med kontantprinsippet. I 2019 har NPE i samarbeid med DFØ utarbeidd årsrekneskapen etter kontantprinsippet ved å tilbakeføre opne postar. Årsrekneskapen for 2019 er presentert etter kontantprinsippet og skal ta i vare krava i instruksjonen.

Revisjonsordning

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfestar årsrekneskapen for fond for pasientskadeordninga - offentlig helseteneste. Vurdering av rekneskapen vil gå fram av revisjonsmeldinga som NPE tek imot våren 2020. Revisjonen for i år er per i dag ikkje fullført.

A handwritten signature in blue ink, appearing to read 'Rolf Gunnar Jørstad'.

20.05.2020

Rolf Gunnar Jørstad, direktør

2. Prinsippnote til årsrekneskapen – oppstilling av løyvingrapportering for statlege fond

Årsrekneskap for statlege fond er utarbeidd og avlagd etter nærare retningslinjer fastsette i reglar om økonomistyring i staten ("bestemmelsene"). Årsrekneskapen er i samsvar med krav i reglane punkt 3.4.6 og rundskriv frå Finansdepartementet R-115 av november 2016, punkt 8.

Definisjon av statleg fond

Eit statleg fond er ein formuesmasse (kapital) som rekneskapsmessig er skild frå andre middel, og der bruken er bunden til eit nærare fastsett formål som varer utover eitt budsjettår. Fond har ei forenkla rapportering til statsrekneskapen. Betalingsformidling skal skje gjennom konsernkontoordninga til staten og likvidane skal oppbevarast på oppgjerskonto i Noregs Bank. Inneståande på oppgjerskonti blir overførte til nytt år.

Løyvingsrapporteringa

Øvre del av oppstillinga viser kva som er rapportert i likvidrapporten til statsrekneskapen. Likvidrapporten viser saldoen i fondet og likvidrørsler på oppgjerskontoen til fondet i Noregs Bank. Alle finansielle eigedelar og plikter som fondet er oppført med i kapitalrekneskapen til staten, kjem fram i nedre delen av oppstillinga.

3. Prinsippnote til årsrekneskapen - oppstilling av fondsrekneskapen for statlege fond

Fondsrekneskapen tilsvarar oppstillinga av verksemdsrekneskapen i årsrekneskapen for statlege verksemdar. Fondsrekneskapen er utarbeidd etter kontantprinsippet. Det inneber at inntektene (overføringar til fondet) er synleg i oppstillinga av resultatet når dei er innbetalte. Utgifter (overføringar frå fondet) er synleg i oppstillinga av resultatet når dei er utbetalte.

Resultatoppstillinga inneheld alle overføringar til og frå fondet i rekneskapsåret. Resultatet i perioden er skilnaden mellom overføring til fondet og overføring frå fondet og resultatet viser netto endringar i fondskapitalen. Resultatet er overført til opptent fondskapital i balanseoppstillinga. Note til fondsrekneskapen omtalar kortsiktige fordringar. Opplysinga kjem ikkje fram av balansen, fordi rekneskapen blir utarbeidd etter kontantprinsippet.

Kapitalinnskott eller tilbakebetaling av kapitalinnskott i fondet er ikkje synleg i resultatoppstillinga, men blir ført direkte i balansen mot innskotten fondskapital.

Fond for pasientskadeordninga - offentleg helseteneste er utelukkande samansett av statlege middel, og staten disponerer difor midla i fondet. I kapitalrekneskapen skal dette fondet førast både under kontolån ordinære fond (gjeld), i kontogruppe 81, og under ordinære fond (eigedelar) i kontogruppe 64.

4. Oppstilling av løyvingrapportering etter forenkla oppstillingsplan med tilhørende notar

Oppstilling av løyvingrapportering per 31.12.2019

Innestående rapportert i likvidrapport	2019
Inngående saldo på oppgjerskonto i Noregs Bank	133 689 001
Endringer i perioden	(111 428 032)
Sum utgående saldo oppgjerskonto i Noregs Bank	22 260 969

Tabell 2

Innestående rapportert til kapitalrekneskapen per 31.12.2019

Konto	Tekst	2019	2018	Endring
640701	Oppgjerskonto i Noregs Bank	22 260 969	133 689 001	(111 428 032)
810701	Fondskapital	22 260 969	133 689 001	(111 428 032)

Tabell 3

Note A Forklaring av samla tildeling (utgifter)

Driftsutgiftene i offentlig helseteneste blir dekte over den ordinære driftsløyvinga til NPE på kap. 741, post 01 Driftsutgifter. Utgifter pasientar har til advokathjelp etter pasientskadeloven § 11 blir dekte over kap. 741 post 70 Advokatutgifter. Fondet tek ikkje imot løyvingar over statsbudsjettet.

5. Oppstilling av fondsrekneskap som skal vise alle utgifter, inntekter, egedelar, fondskapital og eventuelt gjeld i fondet

Resultatoppstilling	Note	2019	2018
<i>Overføringar til fondet:</i>			
Tilskot frå statlege verksemder	1	684 649 682	912 700 841
Tilskot frå fylkeskommunar	1	626 070	889 565
Tilskot frå kommunar		154 269 452	132 384 755
Sum overføringar til fondet	1	839 545 204	1 045 975 161
<i>Overføringar frå fondet:</i>			
Erstatningsutbetalingar	2	950 972 555	924 499 994
Anna	2	1339	1320
Sum overføringar frå fondet	2	950 973 894	924 501 314
Resultat for perioden		(111 428 690)	121 473 847
<i>Disponering</i>			
Overføring av resultatet for perioden til fondskapital		111 428 690	(121 473 847)

Tabell 4 Resultatoppstilling - kolonne 2019 og 2018 er korrigert med opne postar og IB jf. kontantprinsippet

Resultatet for perioden er overført til opptent fondskapital i balansen. Opptent fondskapital kjem fram ved at resultatet for perioden er lagt til opptent fondskapital førre år. Reduksjon i resultatet for fondet skuldast at prognosen for erstatningsutbetalningar, som låg til grunn for innkrevjinga av tilskot, var lågare enn det som blei faktiske erstatningsutbetalningar i 2019. Det vil bli korrigert for dette avviket ved utrekning av tilskot for 2020.

Balanseoppstilling	Note	2019	2018
<i>Eigendelar:</i>			
Oppgjerskonto i Noregs Bank		22 260 969	133 689 002
Sum eigendelar		22 260 969	133 689 002
<i>Fondskapital og plikter:</i>			
Opptent fondskapital		22 260 969	133 689 002
Sum fondskapital og plikter		22 260 969	133 689 002

Tabell 5

Summen tilsvarar innskotet på oppgjerskontoen i Noregs Bank, jf. rapportering til kapitalrekneskapen. Innskotet har gått ned med 111 mill. kroner frå 2018 til 2019.

Note 1 Overføring til fondet	2019	2018	Differanse
8250 Tilskot til regionale helseføretak	648 410 510	876 259 629	(227 849 119)
8251 Eigendel helseføretak	39 757 904	38 964 518	793 386
Tilbakeføring opne postar per 31.12.2019	(3 518 732)	(2 523 306)	(995 426)
Tilbakeføre IB 201900 i periode 00	(1 406 994)	(3 930 300)	2 523 306
8251 Eigendel sjukehusføretak - korrigert	36 239 172	36 441 212	(202 040)
Tilskot frå statlege verksemder	684 649 682	912 700 841	(228 051 159)
8310 Tilskot frå fylkeskommunar	626 070	889 565	(263 495)
8300 Tilskot frå kommunar	154 269 452	132 384 755	21 884 697
Sum overføringar til fondet	839 545 204	1 045 975 161	(206 429 957)

Tabell 6 - kolonne 2019 og 2018 er korrigert med opne postar og IB jf. kontantprinsippet

Tilskot blir kravd inn i høve til prognose for erstatningsutbetalningar frå NPE og er justert for avrekning mellom innbetalte tilskot og faktiske erstatningsutbetalningar i 2018. Årsaka til at totalt overført til fondet har gått ned med 206 mill. kroner skuldast i hovudsak 228 mill. kroner mindre innbetalt frå statlege verksemder. Avrekninga frå 2018 utgjorde 155 mill. kroner, samtidig som vi i løpet av året nedjusterte prognosen for 2019 med 50 mill. kroner. Prognosen blir utarbeidd på bakgrunn av utbetalningar, mottekne saker og løpande tal utbetalningar over tid. Summen inkluderer krav om eigendelar frå helseføretaka der skadane skjedde. Tilskot frå kommunane har auka med 21 mill. kroner. Prognosen som blir utarbeidd for kommunar og fylkeskommunar er basert på folketal. Det vil seie at det kan vere store variasjonar mellom innbetalt tilskot og faktiske erstatningsutbetalningar.

Note 2 Overføringar frå fondet	2019	2018	Differanse
<i>Erstatningsutbetalningar</i>	950 972 555	924 499 994	26 472 561
<i>Anna 7772 Bank- og kortgebyr</i>	1 339*	1 320*	19
Sum overføringar frå fondet	950 973 894	924 501 314	28 351 667

Tabell 7 *fordringar er fjerna for å framstille rekneskapen etter kontantprinsippet. I verksemdsrekneskapen er opne postar tilbakeførte for 2019. For 2018 er dei korrigerte i årsrekneskapen for å kunne samanlikne tal mellom år.

Rekneskapslinja Anna består av bank- og kortgebyr. NPE har hatt ein auke i mottekne og avslutta saker i 2019 og utbetalte til saman 950 mill. kroner i erstatningar.